

Referat møte i Styringsgruppa Idrettscampus Bergen

Dato: 16.02.2018

Tid: 13:00-15:00

Stad: Bikuben Haukeland Sjukehus

Deltakarar:

Anne Gine Hestetun, Helge Johnsen, Eivind Lunde, Anne Sissel Faugstad, Gro Anita Fønnes Flaten, Pål Hafstad Thorsen, Oddrun Samdal, Oddvar Jensen, Vibeke Johannesen, Knut Songve, Torhild Næss Vedeler, Frida Mathisen, Hanne Espe, , Pia Mørk Andreassen, Ola Røksund, Morten Kristoffersen, Randi Marie Berntsen

Forfall: Britt Karen Spjeld, Rune Titlestad, Birthe Andersen Haugen, Tor Ivar Sagen Sandvik, Britt Karen Spjeld, Frode Karlsen.

Møteleiar: Anne Gine Hestetun

Saksliste:

- 9.1 Godkjenning av referat frå møtet 08.12.17
 - 9.2 Rekneskap 2017
 - 9.3 Status prosjekt
 - 9.4 Nye delprosjekt – prosjektmandat
 - 9.5 Innspelsmøte Helsedirektoratet 22.03.18
 - 9.6 Forskningsprosjektet «Hjelper det å hjelpe?»
 - 9.7 Ressursar inn i prosjekt
 - 9.8 Studietur
 - 9.9 Budsjett 2018
 - 9.10 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus
 - 9.11 Møteplan
 - 9.12 Eventuelt
-

Det blei gjennomført ein presentasjon av alle deltakarane, og dei 2 nye i styringsgruppa Gro Anita Fønnes Flaten (HVL) og Anne Sissel Faugstad (HUS) blei ynskja velkommen.

Ingen kommentarar til sakslista, Anne Gine meldte inn sak om kommunikasjon under eventuelt.

9.1 Godkjenning av referat frå møtet 08.12.17

Saksunderlag: Referat Styringsgruppemøte 08.12.2017

Vedtak: Referat godkjent

9.2 Rekneskap 2017

Saksunderlag: Rekneskap 2017.

Dagleg leiar gjekk gjennom rekneskapet for 2017. Gjorde oppmerksom på at overskotet er på 1964 535 kr, og at desse midlane overførast til framtidig bruk.

Det er ein sunn og god økonomi, men vi må tenke på kva inntekspotensialet er i framtida.

Forslag om at det settast ned eit økonomisk utval som kan sjå på finansieringsmodell og økonomisk berekraft. Dette er resten av gruppa einig i er ein god ide.

Vedtak: Styret godkjenner vedlagt rekneskap for 2017, og tek initiativ til at det blir sett ned eit utval som ser på framtidige finansieringsmodellar.

9.3 Status prosjekt

Dagleg leiar og aktuelle prosjektleiarar gjekk gjennom status i dei ulike prosjekta. Sjå utfyllande informasjon i powerpoint (PP) frå møtet.

Vedtak: Teke til etterretning.

9.4 Nye delprosjekt - prosjektmandat

Saksunderlag:

Råutkast Prosjektmandat Styrke kroppsøvningsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule.

Råutkast Prosjektmandat Idrett for menneske med nedsett funksjonsevne.

Dagleg leiar presenterte råutkastet til prosjektmandata.

Kommentar: Send gjerne bestilling til styremedlemmane for å finne rett person til prosjekt dersom det er vanskeleg å nå fram.

I denne typen samarbeid er det viktig å utfordre organisasjonane til å jobbe med det som ligg utanfor kjernen.

Vedtak: Styret godkjenner at det jobbast vidare med prosjekta «Styrke kroppsøvningsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule» og «Idrett for menneske med nedsett funksjonsevne», og at ferdig utarbeida prosjektmandat for desse prosjekta vert handsama på neste styremøte for endeleg avgjerd.

9.5 Innspelsmøte Helsedirektoratet 22.03.18

Stortinget har bedt regjeringa om å framme ein ny tverrsektoriell handlingsplan for auka fysisk aktivitet. Arbeidet vil starte i 2018. Idrettscampus Bergen har tatt på seg å vere arrangør for eit innspelsmøte i Hordaland, og koplar det opp mot ein debatt på Litteraturhuset på kvelden.

Dagleg leiar presenterte invitasjonen til møtet som sjåast i samanheng med første debatt på Litteraturhuset.

Medlemmar frå styret og arbeidsgruppa oppmodast til å sette av tid til både innspelsmøtet og debatten.

Vedtak: Teke til etterretning

9.6 Forskningsprosjektet «Hjelper det å hjelpe?»

Saksunderlag: Hjelper det å hjelpe - Frivillig arbeid som vinn-vinn aktivitet i idretts-Norge.

Dagleg leiar presenterte prosjektet og grunnar til kvifor Idrettscampus Bergen bør investere i dette prosjektet. Sjå meir informasjon i PP-presentasjon.

Eit positivt prosjekt, viktig å kunne bruke statusen toppidrettsutøvarar har inn i samfunnsarbeid. Vil også kunne gi positiv omtale av ICB. Sjå samanheng kring arbeidet som er gjort rundt 24-timars utøvaren. Ei investering i dette prosjektet kan løyse ut midlar til nye forskingsprosjekt



basert på dette prosjektet. Kan også bruke data frå del 2 i prosjektet (mottakarsida) til vidare forskning. Involvere studentar i prosjektet. Dette forskingsprosjektet har også kryssande interesser for andre ICB prosjekt. Presiserast at arbeidsgruppa har mandat til å utvikle prosjekt utan at styringsgruppa skal diskutere innhald.

Forutsetningar for at Idrettscampus Bergen vil støtte og løfte vidare dette prosjektet:

- At ein har som mål å utvikle ein infrastruktur/modell.
- At den opprinnelege forskinga kan danne hypotesar for framtidige forskingsprosjekt i våre utdanningsinstitusjonar som kan løyse ut eksterne midlar.
- At ein arrangerar seminar på tvers av HVL, UIB og andre utdanningsinstitusjonar i Bergen der ein inviterar inn studentar og går i djupna på tema.

Vedtak: Styret vedtek at det bevilgast 230 000 kr til forskingsprosjektet «Hjelper det å hjelpe» under forutsetningane lista ovanfor.

9.7 Ressursar inn i prosjekt

Det viser seg at ei av fallgruvane i delprosjekta er mangel på ressursar til å gjere jobben som krevst for at vi skal lukkast. Dette gjeld spesielt Høgskulen på Vestlandet der mange av deltakarane i delprosjekta har programfesta timeplan. Arbeidsgruppa utfordrar styringsgruppa på korleis ein kan sikre at vi har nok ressursar inn i prosjekta.

Viktig med god forankring i organisasjonane, kan gjerne bruke Idrettsbyråd og Fylkesordførar til dette ved behov. Det er forventa at ein bidrar inn i samarbeidet, dette må kunne løysast internt i kvar organisasjon. Viktig at vi ikkje har for mange prosjekt i lufta på ein gong, ha fokus på kva vi løftar fram dette året. Prioritere ressursar og lukkast skikkelig med det vi driv med. Vise til gode resultat.

Moglegheitsstudie og strategidokument sendast ut saman med referat frå styremøtet.

Vedtak: Styret forventar at kvar organisasjon stiller med ressursar til bruk i arbeidet med Idrettscampus Bergen i tråd med samarbeidsavtalen. Ved behov for tilrettelegging ordnast dette direkte med kvar organisasjon.

9.8 Studietur

Saksunderlag: Studietur Island - Forslag til flytider, program og oversikt økonomi.

Dagleg leiar presenterte forslag til studietur med førebels program, sjå PP for meir informasjon.

Viktig med fokus på spreiringseffekt, fleire i organisasjonane må få eit tettare forhold til Idrettscampus Bergen. Viktigare å bruke pengar på å samle desse framfor at styre- og arbeidsgruppa reiser til Island. Men interessant arbeid dei gjer på Island, aktuelt at 2-3 personar reiser til Island og dyrkar nettverk som ein kan dra nytte av på ein konferanse her i Bergen. Viktig å sjå på norske kompetansemiljø, og knytte nettverk til andre idrettscampusar.

Vedtak: Styret vedtek at det ikkje blir studietur til Island for arbeids- og styringsgruppe, men at vi lagar til eit seminar i Bergen som reflekterer eit internt forankringsarbeid, der vi hentar kompetanse frå Island og andre aktuelle kompetansemiljø.



9.9 Budsjett 2018

Saksunderlag: Budsjett 2018.

Dagleg leiar gjekk gjennom budsjettet.

Innspel:

Kva vi satsar på må gjenspeilast i budsjettet.

Ha ein post for katalysatorpengar som kan generere meir inntekter til ICB

Reise og seminar pott.

Knutepunktet: Er det mogleg å bruke midlar til å dekke ei %-vis stilling i skjeringspunktet mellom helse og idrett, sjå det i samanheng med prosjektbudsjettet og evt. ein katalysatorpott.

Ein del sekkepostar som vi må finne gode ordningar for, vurdere bruk av ei fullmaktsmatrise. Dette bør opp som sak på neste styringsgruppemøte.

Viktig å formidle resultat ut. Legge midlar i å utvikle ein kommunikasjonsplan, viktig å få informasjonen ut til folket.

Vedtak: Styret godkjenner rammebudsjett for 2018. Budsjettet justerast i tråd med innspel i møtet og tildelingar til prosjekt skjer på bakgrunn av prosjektmandat m/prosjektbudsjett.

9.10 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus Bergen

Ikkje handsama

9.11 Møteplan 2018

Mål om å lage ein møteplan for resten av året ved neste styringsgruppemøte.

Vedtak: Neste møte 12.04.18 kl 17-19 på Fylkesbygget.

9.12 Eventuelt

Sak om kommunikasjon eksternt handsama under sak 9.9.

Referent: Randi Marie Berntsen